

Inntaksreglar for Midsund Montessoriskule

1. Inntaksreglement

Inntak av elevar til Midsund Montessoriskule skjer i samsvar med privatskulelova § 3-1 og det inntaksreglementet styret har fastsett.

2. Elevinntak

Skulen er open for alle som fyller vilkåra for inntak i tilsvarende offentlege grunnskular. Antall elevar som får plass ved skulen vert bestemt av skulestyret før søknadsfristens utløp. I dei tilfella der søkjartalet er høgare enn inntaket vil følgjande prioritering gjelde:

1. Barn til 1.klassetrinn.
2. Barn som har søsken på skulen.
3. Barn som tidlegare har vore elever ved montessoriskule, eller har gått i montessoribarnehage.
4. Barn til tilsette ved skulen og medlemmer i styret.
5. Tidspunkt for mottatt søknadsskjema.

3. Inntak av elevar

Skulen har kontinuerleg inntak. Dagleg leiar, i samarbeid med skulestyret, skal avgjere kva elevar som blir tekne inn ved skulen jf. prioriteringsliste. Informasjon om inntak skal finne stad innan 6 veker etter at søknad er motteken. Søknader om inntak vil bli behandla etter reglane i forvaltningslova, og Fylkesmannen i Møre og Romsdal er klageinstans.

5. Prioritert venteliste

I tilfelle skulen vert fullteikna utarbeidast det ei prioritert venteliste som skal leggest til grunn dersom ein eller fleire av elevane som er tatt inn, likevel ikkje ønskjer å nytte plassen. Ventelista gjeld også dersom det i løpet av skuleåret blir ledig plass.

6. Endring av inntaksreglementet

Inntaksreglementet kan til ein kvar tid endrast av skulestyret innafor ramma av gjeldande reglar i Lov om frittstående skular § 3-1.

Revidert av styre 29.01.2017